

Organisasjonsmønsteret i misjon/kyrkje på Madagaskar

AV LUDVIG MUNTHE

Det har frå tid til anna vorte publisert artiklar kring tilhøvet misjon/kyrkje på Madagaskar.¹ Me vil her fylgja den organisatoriske oppbygginga av Madagaskar-kyrkja etter byrjingsåra då biskopstyret vart avløyst av misjonærkonferanseordninga. Me vil peika på dei styringsorgan som utvikla seg og som fungerte før me fekk generalsynoden i 1950. Me kjem til å leggja mest vekt på arbeidet med ei synodeordning så tidleg som i 1902–3, synoden det ikkje vart noko av.

a) *Biskopstyre*

Madagaskar, NMS si andre misjonsmark, grunnlagt i åra 1866–69, var frå starten av «fjernstyrt» av biskop H. P. S. Schreuder i Sør-Afrika. Cand.theol. og cand. med. Chr. Borchgrevink, plassert i hovedstaden Antananarivo i 1869, arbeidde varsamt for at Madagaskar-misjonen skulle få si stadeigne leiding. Misjonsprest Lars Dahle gjekk frå 1870, då han kom til Madagaskar, meir pågåande inn for det same. Engasjementet hans var elles også sterkt motivert i ynsket om å gi denne misjonsmarka ei demokratisk styringsform. Biskopen var ikkje noko glad for det «Storting» som misjonærene på Madagaskar la opp til.²

b) *Misjonærkonferansen som styringsorgan*

Schreuder si leiing av Madagaskar-misjonen vart slutt i 1873. Ei misjonærkonferanseordning vart så utarbeidd. Denne styringsforma vart formelt innført frå 1877. Misjonærkonferansen har i røynda gjennom sine organ styrt den lutherske Madagaskar-kyrkja alt til generalsynoden tok over. Men misjonærkonferansen bygde ned si makt parallelt med at han overlet myndighet til dei ulike kyrkjelege organ der Madagaskar sine eigne prestar og lekfolk gradvis overtok leiinga.

c) *Synodeordning – første forsøk*

Arbeidsfeltet i Madagaskar høgland der misjonen tok til, vart sett

på som eitt arbeidsområde. Men geografiske og etniske tilhøve gjorde det naturleg at det utvikla seg ein nordleg og ein sørleg arbeidsregion som kvar for seg kom til å ta sjølvstendige initiativ, ikkje berre i evangelisering, men også i spørsmålet om administrative ordningar. Den sørlege regionen med Finanarantsoa som sentrum, vedtok såleis i 1901 å «udarbeide Forslag til en synodal Kirkeorganisasjon for de lutherske Menigheder paa Madagaskar». Dei inviterte til eit førebauande møte på Ambato (Ambatofinandrahana) misjonsstasjon.

Møtet fann stad i slutten av november 1901. NMS-arkivet har både ein handskreven og ein trykt versjon (litt ulike) av det første utkastet til ei synodeordning for den lutherske kyrkja på Madagaskar som der vart utarbeidd. Me gir att i omsetjing den trykte versjonen:

Pgr. 1: Synoden er øvste organ i den lutherske kyrkja i høglandet på Madagaskar, og forhandlar, når det gjeld madagassiske spørsmål, med heimestyret i misjonen og med misjonærkonferansen.

Pgr. 2: Synoden sitt ansvarsområde er truspørsmål, mulige avvik frå Skrifta gudstenesteordningar, personalpolitikk, fremjing av nådegåvene i kyrkja, indremisjon og pengesaker. NMS skal på si side stå fritt framleis som misjon utan innblanding frå kyrkja.

Pgr. 3: Til utsendingar til synoden kan veljast aktive kyrkjeeldste, prestar og lærarane på preste- og bibelskulane. Misjonærene er sers velkomne til synodemøta.

Pgr. 4: Til leiar for synoden skal veljast for eit år om gongen ein «presbyter». Han set opp program for møtet.

Pgr. 5: «Årsmøta» førebur og sender inn spørsmål dei ynskjer skal takast opp. Same rett har misjonsstyret og misjonærkonferansen.

Pgr. 6: a) Avgjerder på synoden må ha $\frac{2}{3}$ fleirtal. b) Vedtaka i synoden sendest til misjonærkonferansen. Der det trengst, tek ein opp forhandlingar med konferansen.

Pgr. 7: a) Synoden samlast kvart 3. år. I påkomande tilfelle kan ein kalla inn til ekstraordinær synode. b) Om stadval og tid etc.³

Initiativet til Ambato-samlinga vart teke av både misjonærar og gassiske prestar. Men det rådde stor uvisse om korleis misjonær-

konferansen sin reaksjon ville verta.

Ved første misjonærsamling på Antsirabe i 1902 etter Ambato-møtet, tok ein opp som sak 11 spørsmålet om korleis misjonen burde stilla seg til «den madagassisk-lutherske Synode». Misjonærkonferansen slår først fast at initiativet er i samsvar med arbeidet med den kyrkjelege sjølvstende-gjeringa som for ålvor tok til under ein misjonærkonferanse på Fisakana misjonsstasjon i 1879 då ein slo fast at misjonsarbeidet «maa sigte paa Menighedens Selvstendighed og Selvforsorg indad og videre udbredelse udad». Tilsynsmannen (dr. Borchgrevink) som skreiv innleiingsforedraget og introduserte spørsmålet for kollegene i 1902, peika på at dei årlege stormøta (*isan-taona*) som ikkje minst gassarane sjølv hadde ivra for, etter kvart hadde utvikla seg frå reine «vennestevne» til også å få ein viss administrativ funksjon. Han helsa alle steg i same leid velkomne.

Tilsynsmannen hadde frå Ambato-misjonæren H. Smith fått tilsendt resolusjonane frå møtet. Ser ein nærare på brevet, skynar ein at Smith ikkje var viss på om møtet hadde funne fram til den rette og endelege synode-organisasjonen.⁴ Tilsynsmannen hadde også fått visse reaksjonar frå misjonsprest M. J. Meeg som også hadde vore deltakar på møtet. Meeg var svært positiv. Så vidt ein kan sjå stiller tilsynsmannen seg på Meeg si side. Han var glad for denne utviklinga og meinte stoda i kyrkja gjorde det naturleg med nye steg for å gjera kyrkja organisatorisk meir sjølvstyrt. Store vekkingsrørslar hadde gått over det lutherske arbeidsfeltet i 1890-åra. Gudslivet i kyrkjelydane var modna og styrkt. Vekkjingsfolka var sjølv aktive i sjølvstendeprosessen og støtta dei som ynskte å ta meir ansvar for leiinga av kyrkja. Vekkjingsleiaren Rainisoalambo frå Soatanana var sjølv til stades på Ambato og stod attom vedteka.

I dagbøkene som sume av prestane på møtet let etter seg, finn ein verdfulle opplysingar frå hendingane på Ambato. Presten i Tsaraindrana gir såleis fleire interessante glimt i si dagbok frå 24/10 1901. Ikkje minst får ein inntrykk av ålvoret som merkte forhandlingane og arbeidet med kyrkjeordningsparagrafane. Han noterte seg m.a. dei mange gudsord som vart lesne og bønosalmane som delegatane song.⁵

Misjonsprest Lars Vig var truleg den av misjonærene som reflekterte mest over Ambato-paragrafane. På misjonærkonferansen etterpå la han fram forslag til endringar og tillegg. Ein komite (tilsynsmannen dr. Borchgrevink, dr. Ebbell og misjonsprest Rosaas)

fekk av konferansen i oppdrag å gå gjennom Vig sine framlegg. Det vart vedteke at både Ambato-paragrafane og det reviderte Vig-utkastet, saman med tilsynsmannen si innleiing, skulle sendast ut til kyrkjelydane. Desse dokumenta vart så lagde fram for neste instans, nemleg «det forberedende Synodemøde» i Fandriana året etter. Sidan Vig-framlegget i bearbeidd form høyrer med til grunndokumenta til kunnskap om desse viktige hendingane i den lutherske kyrkja på Madagaskar, tek me med ei omsetjing av hans paragrafar i notene.⁶

Medan Ambato-paragrafane varsamt drog opp generelle linjer for ein synodal kyrkjeorganisasjon, hadde misjonæranne i sitt arbeid med spørsmålet gått inn på å utforma ei kyrkjelov høvande for ei slik eventuell synodeordning. Såleis kjem framlegga til å utfylla ein annan. Sams for dei begge er at dei siktar på ordningar som berre skal gjelda for arbeidsfeltet i Madagaskar høgland. I utkantstroka og på kystane der ein ennå er i pionerfasen, skal misjonen framleis driva og styra arbeidet anten åleine eller i samsvar med dei samarbeidsformer misjon/kyrkje som kvar stad har utvikla seg.

Det var «Synodekomiteen» som kalla inn til dette viktige møtet i september 1902 på Fandriana misjonsstasjonen. På grunnlag av Ambatodokumentet og misjonærkonferansen på Antsirabe si handsaming arbeidde Fandriana-møtet ut den nye kyrkjeorganisasjonen. Møtet kom fram til resultat som dr. Borchgrevink seier seg vel nøgd med. Han fortel kyrkja i eit «hyrdebrev» at Lars Dahle som frå 1889 var generalsekretær i NMS i Stavanger, etter førebils orientering om Fandriana-vedtaka, også syntes vera godt nøgd.

Me gir att i notene den madagassiske teksten vedteken i Fandriana og skriftleg tilstemt av L. Dahle frå Stavanger.⁷ Sjølv om dette opplegget vart lagd endeleg bort etter Dahle si uventa negative haldning under synodemøtet i 1903, er dette eit basisdokument for saga om kyrkjeleg sjølvstyre på Madagaskar. Fandriana-vedtaka vart trykt under tittelen: *Organisasjonan' ny fiangonana lotherana malagasy eto ampovoan-tany*, Imprimerie de la Mission Norvégienne, Tananarive 1902.

Dette første gjenomarbeidde utkastet til kyrkjeordning for den lutherske kyrkja på Madagaskar som tilsynsmannen i trykt form sende rundt til menighetene, definerar i pgr.1 kyrkja som forsamlinga av kristne som tilstemmer den lutherske truvekjønning. Ein registrerar med noko undring at ecclesiola-tanken har funne plass i paragrafen gjennom dei framhaldande orda: «Desse kristne må vera

verkelege og litande kristne.» Tanken om kyrkjetukt som sidan har vore så sentral i den madagassisk-lutherske kyrkja sin debatt om kyrkjelovene, kom såleis tidlig til syne.

Ein kan sjølvsagt spørja om ikkje orda om kyrkjedisiplin som eit av kyrkja sine «kjenneteikn» avslørar reformert teologi og påverknad frå Heidelberg-katekisma sitt ecclesiologi-avsnitt. Me trur likevel at meir enn teologisk smitte frå dei reformerte kyrkjene på øya, fortel dette om kor sterke dei pedagogiske motiva har vore. Det skynar ein også av siste avsnittet av pgr. 1:» Desse kristne må vidare greia sine plikter i sjølvhjelpsprogrammet. Berre slike får røysterett i kyrkja».

Henry Venn sitt «3-self» program har truleg sterkare påverka norsk misjon i teori og praksis enn me har vore merksam på. At denne ideen fekk sine nedslag også i norsk misjon kjem til syne ikkje berre på misjonsmarka men også i heimeleiinga. Dahle sine reaksjonar i 1903 under møtet sitt med den første synoden er talande. Medan Fandrianaformuleringane kan tolkast som pedagogiske forsøk på å styrkja viljen til sjølvhjelp, får ein vanske med å forsvara Dahle når han pressar på i retning av ennå meir kyrkjedisiplin. Når soga om Lars Dahle skal skrivast, vert det spanande å sjå om hans fullstendige neglisjering av dei teologiske utfordringane dokumentet gir, hans oppsiktsvekkjande og uventa negative innstilling til års arbeid med ein synodal kyrkjeorganisasjon, heng saman med påverknad frå Henry Venn.

Tek ein idag for seg resten av paragrafane i Fandrianadokumentet, vekkjest ikkje dei store mot-reaksjonane. Men det er mangt ein let seg imponera over og som gleder. Paragraf 2 slår såleis altså så tidleg fast at lutherske kyrkjelydar på Madagaskar ikkje berre skal ha prestar, men også eit lekfolk som aktivt går inn i visse diakonale funksjonar. Paragraf 3 og 4 peikar på kallet kyrkja har til å be fram nådegåvene i kyrkjelydane. Presten vert dertil pålagd å sjå til at det byggjest opp kristne heimar og at kristne ektefolk får rettsgyldig orden på sine ekteskap.

Dette første ferdige utkastet til kyrkjeorganisasjon slår vidare fast at ein skal velja menighetsråd og byggja ut prestegjeld, at kvar region skal ha sine årsmøte og at synodemøtet skal vera det øvste styrande organ.

Tilsynsmann Borchgrevink fekk av synodekomiteen i oppdrag å skriva ei innleiing og presentera for prestane og kyrkjelydane dette framlegget til synodal kyrkjeordning. Tanken var at spørsmålet

skulle takast opp til endeleg avgjerd på ein «*Synoda extraordinary*» i Fianarantosa i 1903 under Lars Dahle si Madagaskar-vitjing. Då dokumentet i 1902 vart sendt ut, var optimismen stor. Ingen ante då at Dahle skulle venda tommelen ned.

«De indfødtes «synodes» extraordinære møde fra 23. til 25. juli i Finanarantsoa» – som Lars Dahle uttrykkjer det i brev av 1/8 1903 heim til Stavanger –, kom i stand som planlagd.⁸ Til skilnad frå dei to tidlegare førebuande synodemøta på Ambato og i Fandriana, var heile misjonsmarka i høglandet denne gongen representert. I tillegg kom nokre representantar frå Aust-Madagaskar. Arbeidet der var teke opp i 1888. Vest-Madagaskar (frå 1874) var derimot ikkje representert. Det var såleis lagt opp til ein synode som berre skulle omfatta Innlandet.

Lars Dahle som var komen ut til øya på inspeksjon, vart det naturlege midtpunkt på møtet. I gudstenesta ved opninga preika Dahle over Rom. 12,11 om å vera brennande i Anden og å tena Herren. Han sa m.a. at leiinga heime såg med von fram til at varmen frå vekkjinga skulle slå ut i aukande arbeidsevne og kristen kraft.

Ikkje berre gudstenesta, men ennå meir forhandlingsmøta kom til å verta dominerte nett av tanken kring kyrkja si arbeidsevne. Lars Dahle seier i det nemnde brevet heim at han var klår over at møtedeltakarane var spente på representanten for heimstyret sine reaksjonar på dei framlagde paragrafane til kyrkjeorganisasjon. Dahle fortel også at han registrerte vonbrotet som spreidde seg då han valde å teia om dette. På møtet kom Dahle einsidig til å etterlysa økonomiske resultat som føresetnad for sjølvstyre. Han kritiserte det lutherske Madagaskar for å ha «muret omtrent helt op den ene side . . . men af den anden side neppe nok havde begynt at samle stene til grundmuren».

Her var Dahle rett og slett urettvis. Viljen til økonomisk sjølvhjelp var demonstrert gjennom paragrafane til kyrkjeordning. Evna kom til syne ved at så mange distrikt alt makta sine budgett. På ny kan ein vel skyna at Dahle nytta sin grunnfeste autoritet til ein pedagogisk framstøyt. Men ein kan likevel vanskeleg la vera å spørja om ikkje Dahle var dårleg pedagog ved dette høvet, og om han ikkje skyna at han stod i fåre for å innføra ei lovisk kristendomsforståing som lite høvde med hans sterke lutherske teologi elles.

Truleg var det større byggjande verdi i noko anna Dahle doserte på møtet: om skildnadene på eit misjonsselskap og ei kyrkja sine oppgåver. Misjonen skulle ta seg av utsending og underhald av mi-

sjonærar, bygging og vedlikehald av misjonsstasjonar, reising av utdannings- og diakonale institusjonar. Kyrkja skulle ved sida av evangeliseringa reisa sine gudshus og sine skular og betala underhald til kyrkja sine arbeidarar.

Dahle slår i brevet fast at han fekk gjennomslag for alle sine synsmåtar. Dette er vel også rett. Han brukte, for ikkje å seia misbrukte, sin autoritet til å pressa sitt syn gjennom. Sume uttrykk og setningar i brevet viser at han var klår over at den samrøystes tilslutninga likevel ikkje var heilhjarta og bygd på overtyding hos alle. Møtet bøygde seg, seier han, «fordi de ledende mænd paa synoden for en stor del have vært mine elever».

Heilt forvirra over den elles så konsekvente og logisk sterke Lars Dahle vert ein når han fortel at han til sist «som en husvalse efter en slig skuffelse . . . og som et plaster paa saaret, det saar at jeg hele tiden havde talt om selvhjælpen» – likevel lovar at heimstyret «vil tage det tidligere indsendte forslag til organisation under overveielse». Rett nok ba synodemøtet audmjukt leiinga i NMS om å studera framlegget til kyrkjeorganisasjon lagd fram i Fandriana i 1902 slik at kyrkja kan ta det i bruk etter at heimeleiinga har vølt på paragrafane slik ho finn det best. Men kva meinte Dahle eigentleg? Ynskte han å torpedera synoden eller ynskte han det ikkje? Det som er sikkert er at han sette ein stoppar for synoden av 1903.

Når ein vidare les «Resolutioner vedtagne paa Synoden i Fianarantsoa 23.–25. juli 1903⁹,» resolusjonar som Dahle hadde det største ansvaret for, – står ein også rådvill over korleis teologen Dahle kunne vera nøgd med definerande formuleringar i punkt 1 som slår fast at «Synoden er samd i at kyrkja si aller største oppgåva er i støtt aukande grad å ta del i sjølvhjelpsarbeidet . . . i skule og i diakoni.» Dette utsagnet vert berre styrkt av punkt 2. Punkt 3 går einssidig på etablering av regionalt samarbeid som er naudsynet for å få gjennomføra dette «viktigste av alt» i kyrkja.

Det som gjorde vonbrotet så stort for utsendingane til møtet, var dr. Borchgrevink si tidlegare melding og uttrykte tillit til at Ambato og Fandriana-prinsippa hadde Dahle og «Hbst.» (= Hjemmebestyrelsen) si støtte, og at Stavanger hadde uttalt ynskje om vidare steg og større fart i sjølstendegjeringa av kyrkja.¹⁰ Den bitre røyndom var i alle høve at kyrkja på Madagaskar ikkje fekk sin synode i 1903. I staden måtte kyrkja gå ein lang veg og venta bortimot eit halvt århundre før synoden i 1950 endeleg vart ein røyndom. Dette var gjerne ingen katastrofe. Men likevel: mon ikkje kyrkja tapte

noko i initiativ og tiltakslust på torpederinga av synoden i 1903? Og det som verre var: Mon ikkje «lova» slik fekk så stor plass i organisasjon og dagleg arbeid at ho kom til å kasta skugge over sentrale sider ved luthersk lære. Det var Lars Dahle som i si Fianarantsoa-gudsteneste i 1903 tok sjølvhjelpa opp på preikestolen og presenterte henne som det vesentligste for den lutherske kyrkja på Madagaskar.

d) *Comité Mixte*

I 1908 fekk den lutherske kyrkja på Madagaskar sin Comité Mixte. Komiteen hadde som navnet seier, ikkje berre misjonærer som medlemmer. Gassarrepresentasjonen ga kyrkja høvet til å fylgja med i arbeidet si utvikling, men ga kyrkja lite høve til å ta reelt del i leiinga av kyrkja.¹¹ I åra som fylgde, serleg i 1912–13 var difor debatten om denne nye samarbeidsforma, erstatninga for synoden, framleis ganske livleg. Det ein serleg diskuterte, var om dei gassiske utsendingane skulle reknast som rådgjevarar for misjonærane eller om dei skulle representera årsmøta og målbera deira synsmåtar.

Om ikkje gassarane i komiteen hadde direkte innverknad på styringa av kyrkja, synte det seg etter kvart at synsmåtane dei bar fram gjennom misjonærane, likevel påverka misjonærkonferansen sine avgjerder. Oppmuntra av dette tok synodeforkjemparane fatt på ny, denne gongen for å prøva vidareutvikla Comité Mixte til eit reelt styringsorgan. Dette burde i første omgang skje ved at gassarane i komiteen gjekk over frå å vera «rådgjevarar» til å verta kalla «årsmøte-representantar». Men røyndomen som låg attom dette ynskjet vart for sterk for misjonærfleirtalet, som etter kvart hadde roa seg og hadde akseptert Dahle sitt H. Venn-«3-self»-program.

Misjonsprest Thunem prøvde å få til ei tilnærming mellom dei ulike interesser som her kolliderte. Å døma etter sak 18 på misjonærkonferansen i 1912 (som me synte til i note 10) ville han gjera Comité Mixte om til ein «Felleskomite for misjonærkonferansen og årsmøta» med eit vidt myndighetsområde, men heile tida under misjonskontroll. Når debatten og motforestillingane mot framlegget hans for det meste gjekk på dette med navnebyte så snart etter at «Comité Mixte» var etablert, var nok dette likevel meir eit uttrykk for ein veksande skepsis til på dette tidspunkt å overlata til kyrkja den formelle styringsretten. Fleirtalet meinte den meir lause og upresise rådgjevingssmodellen som Comité Mixte var bygd opp etter, var tilfredsstillande og best høvande.

Sjølv om denne innstillinga kan sjå negativ ut, kan ein ikkje med rette seia at misjonærane i 1912 hadde brote med ideane om kyrkjeleg sjølvstyre frå byrjinga av århundret. Det er truleg rettare å seia at misjonærane ved signale frå synodemøtet i 1903 var vorte programmerte til å gå meir langsamt mot dette målet.

Når det gjeld det gassiske presteskapet, ser ein av misjonærkonferansereferatet frå 1913 at dei i denne perioden var utolmodig opp-tekne av styringsspørsmålet. Dei ville t.d. nå ha presisert og endeleg fastsett kva slags saker årsmøtet hadde den endelege avgjerda i. Thunem er på ny dei utolmodige årsmøta sin talsmann i misjonærkonferansen. Han legg denne gongen fram eit ynskje frå det han kallar «vårt kombinerede misjonær- og prestemøde i Syd-Betsileo i 1912». ¹² Utviklinga sjølv, seier han, meir enn medveten styring har overlate til årsmøta å stella med «menighedssang, kristendoms-kundskaben og selvhjelpsarbeidets praktiske realisation og fremgang . . .» Men ei arbeids- og ansvarsfordeling som nærmast lagar seg sjølv, er ikkje tenleg. Han ynskjer difor at misjonærkonferansen nå ope må drøfta og nærare presisera ansvarsområdet for årsmøta og deira styringsrett over dei spørsmål dei får seg overlatne. Han etterlyser også sams reglar og myndighet for dei regionale årsmøta i Innlandet slik at dei kan verta eit samordna kyrkjeleg styringsorgan.

Her må ein leggja til at Comité Mixte der årsmøta sine representantar var med, alt hadde fått vidare funksjonar enn i dei nemnde praktiske saksområda. Comité Mixte tok opp spørsmål kring søndagsskuleundervisinga, konfirmasjonen og analyserte slikt som kunne fremja eller hindra den lutherske kyrkja sin framgang. Denne sams gassisk-norske komiteen hadde dertil teke fatt på ein revisjon av presteinstruksen og hadde arbeidd med problem kring ekteskap og skilsmål. Fleire av desse sakene var komne til Comité Mixte frå årsmøta.

Referatet frå misjonærkonferansen i 1913 viser at dei gassiske medlemmene av Comité Mixte hadde fått ein av misjonærkollegene til å leggja fram tre spørsmål dei ynskte misjonen skulle ta stilling til:

- 1) Er me som medlemmer av Comité Mixte berre personlege rådgjevarar for misjonærane eller er me årsmøta sine talsmenn med status og myndighet?
- 2) Kan me som representantar for årsmøta senda inn spørsmål til Comité Mixte?

3) Har me rett til å referera attende til årsmøta frå forhandlingane i Comité Mixte?

Etter lang debatt på misjonærkonferansen der svært restriktive men også svært velvillige og opne synsmåtar kom fram, slo konferansen fast at dei gassiske medlemmene av Comité Mixte var representantar for årsmøta på same vis som misjonærane representerte misjonærkonferansen. I og med det vedtaket var i røynda årsmøta etablerte som administrative ansvarlege organ i kyrkja. Årsmøta hadde vorte eit slags mini-synodemøte og Comité Mixte vart ein møtestad for misjon og kyrkja.

På spørsmål 2 svara konferansen at årsmøtet via tilsynsmannen hadde rett til å senda inn spørsmål til komiteen. Spørsmål 3 fekk også positivt svar. Årsmøtorepresentantane måtte berre venta med sine referat attende til sine oppdragsgjevarar til heimestyret hadde svara, altså i røynda til året etter at spørsmåla hadde vore handsama i Comité Mixte.

e) *Kyrkjekonferansen*

Ikkje berre det første synodemøtet, men også den første kyrkjekonferansesamlinga fann stad i Fianarantsoa. Delegatana møttest den 6. mars 1927. Det historiske ved dette hendet vart understreka ved at pastor Hans Rabeony, delegat i 1903, også denne gongen tok del. Han heldt nå opningsgudtenesta.¹⁴ Under ein middag for delegatane på Ivory presteskule i Fianarantsoa vart det vidare nevnt at denne organisatoriske nyordninga tok til nett 50 år etter at misjonærkonferanseordninga (frå 1877) hadde avløyst biskopstyret i Madagaskar-misjonen.

At epoken frå 1903 med einssidig og streng vekt på økonomisk sjølvhjelp nå vart avløyst av ein ny og romslegare utviklingsfase, vart symbolsk markert ved at møtet tok farvel med tilsynsmannen C. Fr. Bjertnes. Han var eksponenten for syn og praksis som hadde rådd. Men i hans styringstid hadde også dei store og imponerande resultat av det økonomiske sjølvhjelpsarbeidet vist seg.

Dei gassiske utsendingane til den første kyrkjekonferansen var valde ut frå den økonomiske styrken i det kyrkjedistriktet dei representerte. 18 distrikt hadde året før makta sitt sjølvhjelpsprogram og var representerte med ein utsending kvar. Men det nye kjem til syne ved at møtet vedtok å lempa noko på krava. To andre distrikt som nære på hadde makta sine økonomiske pålegg, fekk også fulle rettar på møtet. Møtet ga gjennom dette stor makt til kyrkja idet misjo-

nærrepresentasjonen avgrensa seg til 13. Ikkje minst dette siste for-
tel om reel overføring av makt.

Kyrkjekonferanseordninga førde likevel ikkje til ei kjensle av at
nå var misjonen på veg ut. Møtet valde såleis ein norsk misjonær
(O. Strand) til ny tilsynsmann. Det nye måtte då vera at ikkje ein
norsk, men ein fransk misjonær i NMS si teneste på Madagaskar, P.
Buchsenschütz, vart vald til vise-tillitsmann. Sakslista viser også at
overgangen frå Comité Mixte til kyrkjekonferanse gjekk utan dra-
matikk. Spørsmål som vart drøfta var dei vanlege teologisk-kyrk-
kjeleg-praktiske: ordinasjonen, likvending, alkoholproblemet,
oppretting av ungdomssenter, minnedag for reformasjonen, utfor-
ming av dåpsattestar, deling av misjonsdistrikt, tilsetjing av an-
leggsprest til jernbanelinja Fianarantsoa-Manakara, pensjons-
spørsmålet for prestar og lærarar o.l. Tilsetjing og plassering av
prestar på ulike stader var vel den funksjonen på møtet som best
markerte kyrkja sitt auka myndighetsområde.

Misjonærkonferansen som også vart halden i Fianarantsoa det
året (veka etter kyrkjekonferansen) vedtok å ta med i sitt referat re-
symé av dei viktigste sakspapira og vedtaka frå kyrkjekonferansen.
Dette syner nok at ein er i ein overgangsfase, men det syner også at
konferansen aksepterer det nye styringsorganet. Det heldt hardt for
sume. For å markera misjonærkonferansen som øvste myndighet
vart det sett fram forslag om at eit fullstendig kyrkjekonferanserefe-
rat skulle takast med i misjonærmøtet sine rapportar, men dette
framlegget fall.¹⁵

Kyrkjekonferanseordninga var godt førebudd ikkje berre på det
eldste arbeidsfeltet i Innlandet, men også på kystane. I 1926 hand-
sama såleis Vest-Madagaskar-misjonærane dette spørsmålet.¹⁶ Det
vert i deira referat streka under at kystkyrkjene meinte dei var kom-
ne så langt at dei også snart kunne verta fullgode kyrkjekonferanse-
medlemmer. Vestkysten hadde med interesse merkt seg at i Innlan-
det var systemet som byggjer på kyrkjelydande sin økonomiske
styrke vorte mjuka opp og at utsendingar frå ikkje-sjølvhjelpte dis-
trikt i utkantane skulle få ein observatørstatus i kyrkjekonferansen.

Vest-Madagaskar tok for eigen part opp spørsmålet om ein som
ei førebuding for den komande regionale kyrkjekonferansen, skulle
innføra ei interimordning med utvida mandat og myndighetsområ-
de for Comité Mixte. Det var lagd fram planar med ferdig utarbeid-
de paragrafar for ei slik mellombels løysing. Misjonærane kom like-
vel til at nyordninga med kyrkjekonferanse også på kysten truleg så

snart kunne realiserast at ein difor ikkje trong flikka noko meir på det gamle. Det var nok også klokt. Likevel er dette framlegget eit døme på at viljen til å fylgja opp og utvida sjølvstyret så mykje som råd, var til stades på alle arbeidsfelt på Madagaskar.

På trass av dei mange ulike syn på sjølvstyrespørsmålet i åra etter 1903, kan ein seia at luthersk arbeid på Madagaskar jamnt over har hatt evne til å finna samlande løysingar. Bortsett frå kalddusjen kyrkja fekk i 1903 har spørsmålet fått utvikla seg harmonisk utan dei store stridane. Kyrkjekonferanseordninga bygde roleg opp grunnen under generalsynoden som vart ein røyndom i 1950. Det reformerte miljøet derimot, opplevde brot til skade for kyrkjene engelsk og fransk misjon hadde bygd opp.

På luthersk hald er det råd at modninga hadde gått fortare om ikkje Dahle hadde stogga synoden av 1903. Men for å byggja opp den heilt sjølvstyrte gassisk-lutherske kyrkja av idag måtte misjon-kyrkja i alle høve i praksis ha samarbeidd etter dei linjer ein i 1903 valde å fylgja.

NOTER:

1. Nå sist: Sig. Edland: Kampen om den gassisk-lutherske kyrkja sin første generalsynode, NOTM nr. 1 1985 s. 1ff.
2. Sjø: Det norske misjonsselskaps historie i hundre år, (1949) Bind IV s. 30ff, 50ff,69ff. Sjø også Fr. Birkeli:Politikk og misjon (1952), s. 153ff. Ein greid oversikt over Ambato-møtet og reaksjonane finn ein i G. Nakkestad: Høvding i tjenerskikkelse, (1960), s. 106ff.
3. Den trykte utgåva av dette utkastet til synodeordning finst på Misjonshøgskulen i Stavanger i «Misjonsskolens bibliotek no. 6071, Rum A, Avd. I, a». Tilsynsmannen si innleiing til den trykte utgåva er datert 23/6 1902 og er adressert til prestar og kyrkjelydar i Innlandet: *Any ny Pastora lutherana sy ny Fiangonan lutherana rehetra momba ny ati-tany*. Den handskrevne utgåva med tilsynsmannen sine kommentarar finn ein i NMS' arkiv, Hjemmearkivet 1842-1920, Boks 42, Legg 2. Desse to utgåvene er seg imellom litt ulike. Interesserte kan ved eit nærare studium fylgja heile paragrafprosessen. Sjø også i NMS/FLM-arkivet Boks 775, Film 39, nr. 2466.
4. H. Smith sitt brev med dr. Borchgrevink si påteikning: «læst 12/3-1902» finst i NMS'arkiv, Hjemmearkivet 1842-1920, Boks 42, Legg 1.
5. NMS/FLM-arkivet Boks 78 A, Film 27.
6. Framlegget til kyrkjeordning som misjonsprest Lars Vig pluss ein komite presenterte for det førebuaende synodemøtet i Fandriana i 1902:

I. Einskildmenigheter.

Pgr. 1: Kyrkjelydar som kan takast opp som medlemmer i synoden, er kristne forsamlingar på minst 10 medlemmer med ei sams truedkjenning og

med vilje til å ta del i dei økonomiske oppgåver som ligg på prestegjeldet kyrkja tilhøyrer.

Pgr. 2: Kvar kyrkjelyd må både ha ein leidar som tek seg av slikt som t.d. undervisinga, og 2-4 eldste som saman med leidaren er ansvarlege for kyrkja sitt liv.

Pgr. 3: Leidaren skal a) stå for gudstenestene når presten ikkje er til stades, b) føra ministerialboka, og c) saman med dei eldste gi basisundervisning til katekumenar.

Pgr. 4: Einskildkyrkjene sine leidarar skal sjå til at a) nådegåvene får veksa fram og utvikla seg, at gudstenester vert haldne, at det vert bygde opp kristne heimar. b) Dei skal ta seg av dei fråfalne, hjelpa dei kristne til å få sine ekte-skap formelt i orden. c) Dei skal fremja kristen fostring, få 6-åringar på skule og 15-åringar til konfirmantundervisning. d) Leidarane skal bera ansvar for ikkje minst dei sjuke og fattige i kyrkjelyden.

Pgr. 5: Kyrkje skal ha kvinnelege diakonar som kan ta seg av oppgåver i omsorg og kvinneforeningsarbeid.

Pgr. 6: Menighetsmøtet skal ta opp spørsmål omkring kyrkja sin trivnad og liv, velja menn og kvinner til oppgåver i kyrkjelyden.

Pgr. 7: Dei kyrkjelydane som yter midler til prestegjeldet sin sams kasse, skal ha visse administrative rettar (som er nærare definerte).

Pgr. 8: Røysterett i kyrkjesamanheng får alle som er over 20 år, er nattverd-kristne og tek del i sjølvhjelpa.

Pgr. 9 Menighetene skal sikta på sjølv å byggja og halde ved like sine gudshus.

II. Prestegjeldet

Pgr. 1: Dei kyrkjelydane som tilhøyrer ein prest sitt ansvarsområde utgjer til saman eit prestegjeld.

Pgr. 2: Presten skal frå dei ansvarlege i kvar einskild-kyrkjelyd få rapport om stoda. Prestegjeldsmøta skal ta opp slikt som er til fremje av arbeidet i heile prestegjeldet (t.d. sjølvhjelpa).

Pgr. 3: Når eit prestegjeld sjølv maktar å syrgja for presten sin, kan prestegjeldet sjølv kalla prest etter nærare oppgjevne reglar.

III. Hovedprestegjeldet i misjonsstasjonsområdet

Pgr. 1-4: Kvar 3. månad skal det haldast eit oppbyggeleg møte for heile prestegjeldet. Møtet skal dertil fordelast dei økonomiske børdene etter nærare presiserte reglar for budgjettinger, ta seg av val etc.

IV. Regionalsynodane

Pgr. 1: Desse skal avløysa dei tidligera regionale årsmøta.

Pgr. 2-3: Desse paragrafane omhandlar talet på utsendingar som i samsvar med innbetalt sjølvhjelp, prestegjelda har høve å velja. Misjonærkonferan-

sen skal også velja sine utsendingar. Misjonærar har røysterett, men kan ikkje veljast til ordstyrar.

Pgr. 4–5: Prestegjelda betalar inn eit avtalt budgett til regionalsynoden som på si side betalar ut prestelønene. Paragrafen har reglar for tiltak når ikkje nok pengar kjem inn.

V. *Generalsynoden*

Pgr. 1–3: Generalsynoden som er det samlande organ for den lutherske kyrkja i høglandet, møter kvart 3. år. Utsendingane vert valde og møtet vert organisert etter nærare oppgjevne reglar der sjølvhjelpstyrken spelar ei viktig rolle.

Pgr. 4: Spørsmål kring sjølvhjelpa høyrer til dei første oppgåver general-synoden skal ta opp.

Pgr. 5: Utsendingar frå generalsynoden til kyrkjene skal hjelpa fram einskap i kyrkja.

Pgr. 6: Når NMS avsluttar sitt engasjement i Madagaskar høgland, skal generalsynoden vera øvste myndighet og styre for kyrkja, på det vis landet sine lover tillet.

Pgr. 7–9: Inntil så lenge tek generalsynoden opp spørsmål sende inn frå kyrkjeleidarane, frå regionalsynodane, frå misjonærane ved tilsynsmannen, etter at dei nemnde instansar på førehand har handsama spørsmåla. Generalsynoden fastset prestelønene og tek seg av gjennomføringa av fellestiltak i kyrkja.

Pgr. 10–11 omhandlar generalsynoden sitt tilhøve til NMS i Norge og til misjonærkonferansen på Madagaskar. Leidaren for synoden skal såleis i sume høve dra på visitas saman med tilssynsmannen.

Pgr. 12: Dersom vranglære oppstår eller om kyrkjeleidarar ikkje er si stilling verdig, skal ein på lokal og regional basis ta spørsmåla opp for deretter om naudsynt å senda dei til generalsynoden.

Pgr. 13: Regionalsynodane sender inn dei pengane som generalsynoden treng, dette etter nærare avtalte kvoteordningar i samsvar med kyrkjene sin økonomiske styrke.

Pgr. 14: Skal denne lova vølast på må det skje ved $\frac{2}{3}$ fleirtal etter hand-saming også i regionalsynodane.

NB. Dette er ikkje ei ordrett omsetjing. Den gassiske teksten er tilgjengeleg i trykt form i *Misjonsskolens bibliotek No. 6071 Rum A. Avd. I a*.

7. Det endelege framlegget til synodeorganisasjon som møtet i Fandriana vedtok i 1902, fins i NMS arkiv og Misjonshøgskulen sitt bibliotek i Stavanger. For dei som vil arbeida vidare med dette gir me her i notene att heile den madagassiske teksten for *Organisasionan'ny fiangonana lotherana malagasy eto ampovoan-tany*:

I. Ny fiangonana tsirairay.

§ 1.

Ny fiangonana dia fikambanan' ny kristiana mandamina ny tenany ho fiangonana, izay manaiky ny fanekem-pinoana lotherana. Tsy maintsy ho tena kristiana mahatoky sy mahafatrapo izy sady mahavatra tsara ny adidiny amin'ny raharaha momba ny fahaleovan-tena.

§ 2.

Ny fiangonana tsirairay dia samy hanana mpitandrina sy loholona, izay ho diakona 2-4, araky ny haben' ny fiangonana, hanampy azy; ireo no ho mpikarakaran' ny fiangonana manampy ny pastora.

§ 3.

Izao no adidin' ny mpitandrina:

a. Mitarika ny fanompoam-pivavahana, raha tsy eo ny pastora.

b. Manoratra amin' ny boky anankiray omen' ny misionary azy ny anaran' ny kristiana rehetra, mba hahafantarany mandrakariva ny isan' ny kristiana na kely na lehibe. Ny maty sy ny mifindra miala na manatona, etc., dia hataony ao anatin' iny boky iny koa ka haseho ny pastora, mba handikany izay tsy voasoratra amin' ny bokiny.

Raha misy kristiana mifindra mankany amin' ny fiangonana anankiray iray sitasiona aminy, na sitasiona hafa, dia hambarany miarakaminizay amin' ilay mpitandrin'ny fiangonana.

c. Manoratra ny anaran' ny kristiana mahazo manao latsa-bato amin' ny raharaham-piangonana.

d. Izy no manao fampianarana voalohany amin' ny katekomena.

§ 4.

Ny mpikarakaran' ny fiangonana no manao izay hahatomombana ny handrosoan' ny fivavahan' ny fiangonana sy ny toetra tsara; toy izao:

a. Mampiasa ny fanomezam-pahasoavana rehetra ananan ny fiangonana. Mitarika izay mba hisian' ny fotoam-pivavahana, ary manao izay tratry ny ainy, mba hahatonga ny kristiana hanao fivavahana any an-tokantranony sy hazoto amin' ny fotoam-piangonana.

b. Raharahan ny mpitandrina indrindra ny hahalala ny isan' ny kristiana manary fiangonana sy ny fototr' izany, mba hiresahana aminy sy hanaovana fivavahana ho azy amin' ny fikambanan' ny kristiana vitsivitsy, na amin' ny fivorian' ny fiangonana.

c. Ny mpikarakaran' ny fiangonana koa no mitandrina ny fanambadian' ny kristiana ho vita tsara araky ny lalán' ny fanjakana sy ny fiangonana, ka raha misy tsy manaraka ny lalá' ny fanjakana, dia tsy avela hanatona ny fanasan' ny Tompo. Tsy maintsy tandremany koa ny hitaizan' ny kristiana ny zanany araky ny tenin' Andriamanitra sy ny marina, sy ny handatsahany azy amin' ny sekoly, sy ny ikelezany aina hahazoan'ny zanany fahalalana amin' ny fampianarana kristiana alohan' ny anaovana konfirmasiona azy. Ny mpitandrina koa dia tsy maintsy mahalala ny isan' ny zanaky ny kristiana efa 6 taona, ka tsy mbola mi-anatra, ary ny, isan' ny mihoatra ny 15 taona, nefa tsy vita konfirmasiona.

d. Ny fiangonana sy ny pastora ary ny mpikarakaran' ny fiangonana no miara-miadidy ny fanonganana.

e. Ny marary sy ny mahantra amin' ny momba ny fiangonana dia tsy maintsy iadidian ny mpikarakaran' ny fiangonana tsara.

f. Raha tsy mahay manoratra ny mpitandrina, dia hisy olona avy amin' ny fiangonana hanampy azy.

§ 5.

Hisy diakona vehivavy mba hikarakara ny marary sy ny mahantra ary ny tokantranon ny kristiana. Izy koa no hanao izay hisian' ny fikambanam-behivavy. Ary miaramanao raharaha amin' ny mpikarakaran' ny fiangonana izy.

§ 6.

Isam-piangonana dia hanana fihaonana, ka ny pastora na ny mpitandrina no hitarika. Ny hoheverina amin' izany fihaonana izany dia ny zavatra, izay ilaina hahavanona sy hahavelona ny fiangonana. Ary ity fivoriam-piangonana ity no hifidy izay olona mahafatrapo azy ho mpitandrina sy diakona ary mpiasa vehivavy; ary ireo olona voafidy ireo no hiara-manao ny raharahany; nefa raha misy antony tokony hanoloana azy, da manana fahefana hanolo azy ny fiangonana.

§ 7.

Ny fahazoana manao latsabato dia an' ny kristiana rehetra, izay mahavatra tsara ny raharaha momba ny fahaleovantena.

§ 8.

Hatao izay hanaovan' ny kristiana ny trano fiangonany sy ny fanamboarany azy, ary koa ny fandrosoany amin' ny fiantohana ny zavatra hafa rehetra, izay ilainy.

II. Ny fitandremam-pastora.

§ 1.

Ny fiangonana iadidian' ny pastora anankiray dia fikambanana anankiray ao anatin' ny fitandremam-tsitasiona.

§ 2.

Ny mpikarakaran' ny fiangonana avy dia miara-miasa tsara amin' ny pastora. Ny mpitandrina dia tsy maintsy mahay manao filazana mazava tsara amin' ny pastora, na oviana na oviana, ny toetry ny fiangonana tandremamy (jereo I, § 3.4). Tsy maintsy manao fivoriana isak' izay ilaina ny mpikarakaran' ny fiangonana, ka ny pastora no mitarika. Ary miaramanao fivoriam-piangonana koa ny fitandremampastora iray manontolo; ny atao foto-draharaha amin' izany dia izay hahavelona ny ain' ny fiangonana sy ny adidiny ny amin' izay hahaleovany tena.

III. Ny Isantaona.

§ 1.

Ny Isantaona dia fivorian' ny iraky ny fiangonana avy amin' ny faritany iray; mivory indray mandeha isan-taona izy amin' ny fotoana sy ny fitoerana, izay tendren' ny fivoriana tsirairay avy.

§ 2.

Ny iraky ny fiangonana mankany amin' ny Isantaona na lehilahy na vehivavy hanao fiheverana dia 10 isam-pitandremam-pastora mbamy ny pastora.

§ 3.

Ny raharahan' ny Isantaona dia ny raharahan' ny fiangonana hiany, toy izao:

1. Hisy filazana an-tsoratra ny toe-draharaha ao amin'ny faritany ihavian' ny iraka, dia ny amin' ny fandrosoana na fihemorana' ny fiainan ny fiangonana sy ny asa vitany, ary ny toetry ny rakitra ao.

2. Ny pastora ao amin' ny fiangonana ivorian' ny Isantaona no manambatra ny filazana avy amin' ny isam-pastora ka mampandre ny Isantaona ny amin' izany.

3. Mihevitra ny raharaha, izay hiantohan ny fiangonana amin' ny taona ho avy izy, ka hozarainy amin' ny isan-tsitasiona ny vola ilaina amin' izany.

§ 4.

Ny komiten' ny Isantaona no miantso sy manomana ny fivoriana ho avy, izay efa nifanarahana tao amin' ny fihaonana:koa ny zavatra, izay hoheverin' ny Isantaona, dia hampandreinesiny ny fiangonana iray volana alohan' ny fotoana.

§ 5.

Ny raharaha ifanarahan' ny Isantaona momba ny fiarahana mitondra dia ho entina any amin' ny Synoda, mba hankatoaviny na hovany na hampiany, hahatanteraka ny firaisan' ny fiangonana miasa arak' izay tokony ho anjarany avy.

IV. Ny Synoda.

§ 1.

Ny Synoda no fivorian' ny olona voafidin' ny fiangonana hihevitra ny raharahan' ny tenany. Izy no fehy mampikambana ny fiangonana lotherana malagasy aty ampovoan-tany. Izy no solon-tenan' ny fiangonana malagasy mifampiraharaha amin' ny Society Norske sy ny konferentsan' io Society io aty.

§ 2.

Ny azo fidina ho iraka hankamin' ny Synoda dia ny kristiana mainty molalaly tia fiangonana. mpanaja fivavhana, mahafatrapo ny fiangonana amin' ny toetra mahakristiana azy.

Ny isan' ny iraka dia roa isam-pitandremam-pastora; ny pastora sy ny mpampianatra teology amin' ny kolejy sy amin' ny sekolin' ny 40 lahy dia izy rahateo, fa tsy vao hofidina.

§ 3.

Ny Synoda dia hanana komite misy olona 8 ho solon-tenany:

3 lahy amin' Avaratr' Imania,

2 lahy amin' ny Ampovoany,

3 lahy amin' Atsimon' Imatsiatra,

ka fidin' ny isan-tompom-paritany, ary soloana isan-tSynoda, nefa azo fidina indray ny efa voafidy teo. Izy ireo indray no hifidy pastora iray aminy ho mpitari-draharaha sy iray ho mpanampy ary anankiray ho sekretera sy mpitahiry vola. Telo taona no fetrany. Izy no mampahalala ny fiangonana izay zavatra hoheverina amin' ny Synoda telo volana alohan' ny fotana, sady hanaovany laha-teny. Izy koa no mikarakara izay hahatanteraka ny zavatra voahevitra nifanarahana tamin' ny Synoda.

§ 4.

Ny raharahan' ny Synoda indrindra aloha izao dia ny miadidy ny fanatanterahana ny fandrosoana ho amin' ny fahaleovantena amin' ny fiangonana eto ampovoan-tany iasan' ny mission norvégienne.

Ao anatin' izany dia ny finoana (sao misy fampianarana tsy mifanaraka amin' ny Soratra Masina araky ny fanekem-pinoana lotherana, na misy fitokohana ho sekta), - ny fandaharana ny fomba amin' ny fanompoam-pivavahana am-piangonana - ny amin' ny mpiasa, - ny amin' ny fiasana ilain' ny fiangonana momba ny fiainany (toy ny vola sy ny fanomezam-pahasovana maro samihafa ao amin' ny fiangonana), - ny amin' ny asan' ny fiangonana (Misiona anatin' ny ivelany). Ny mihevitra ny zavatra arosan' ny komiten' ny Synoda sy ny Isantaona ary ny Superintendent sy ny Konferentsa koa no ananan' ny Synoda fahefana.

Ny zavatra haroso amin' ny Synoda dia tsy maintsy ho efa novoasana tsara tamin' ny fihaonan' ny Isantaona. Raha misy zavatra tsy mahatratra izany anefa, ka mahatery, dia tsy maintsy ampahafantarina sy hazavazavaina amin' ny iraka iray volana alohan' ny fihaonan' ny Synoda izany.

Ny Synoda no hametra ny karaman' ny pastora sy ny mpitandrina, raha misy iantohan' ny fiangonana malagasy na iarahany miantoka amin' ny society.

§ 5.

Ny fotana fivorian' ny Synoda dia isan-telotaona. Raha misy raharaha mahaporitra ilana fivorian' ny Synoda ao anelanelany, dia azo vorina indray mandeha izy, ka telo taona hatramin' izay no hanaovana ny manaraka.

Ny fitoerana sy ny fotoan' andro hivoriana dia hotendren' ny Synoda isaky ny fivoriany. Raha misy fototra tsy azo ialana mandrava izany, dia adidin' ny mpitari-draharaha amin' ny komite ny hampahalala ny fiangonana sy hihevitra izay ho solony.

§ 6.

Ny Synoda dia hanana vola hanaovany raharaha, ka avy amin' ny rakitry ny Isantaona avy no hanomanana io vola io, ka ny komite no manombana izay tokony ho izy, ary dia feran' ny Isantaona amin' ny fivoriany izay haben' ny haloany arakaraky ny tombana ataon' ny komite.

§ 7.

Ny fanovana ity lalána ity dia heverina amin' ny fivoriana' ny Isantaona aloha, dia vao aroso amin' ny Synoda, ka ny 2/3 no tsy maintsy manaiky, vao tapaka hekena. – Izay hevitra vita dia ampitondraina amin' ny Surintendent harosony amin' ny Konferentsa.

8. Lars Dahle-brev av 1/8 1903 (det første maskinskrevne?) frå Fianarantsoa til Hovedbestyrelsen i Stavanger. NMS'arkiv, Hjemmearkivet 1842-1920, Boks 43, Legg 1.
9. NMS' arkiv, Boks 185. Madagaskar Diverse.
10. NMS' arkiv, Hjemmearkivet 1842-1920, Boks 42, Legg 2.
11. Det var 9 gassarar mot 5 norske i Comité Mixte. Sjå s. 68 i Referat fra Misjonærkonferansen, Madagaskar Innland, 1912, sak no 18 (spørsmål 11): «Motiveret forslag til forandring af statutterne for den raadgivende komite».
12. Referat frå misjonærkonferansen i 1913, sak no 8 (spørsmål 55), s. 57 om årsmøta sin funksjon.
13. Sjå det trykte tillegget til misjonærkonferanse-referatet 1912 frå møtet på Antsirabe 29/4-1/5.
14. *Rapaoron' ny Konferenjin' ny Fiangonana loterana eto ampovoantany 1927* (8 sider).
15. Referat frå den 50. konferansen sine forhandlingar i Fianarantsoa, 13.-24. mars 1927, s. 36ff.
16. Sak 24: «Kirkekonferens eller utvidet Comité Mixte», Misjonærkonferansereferatet 1926 s. 68ff i Vest-Madagaskar-avdelinga av referatet.